

MØTEPROTOKOLL

Utvalg: Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 16.01.2019
Møtets varighet: 11:30 – 14:30
Sted: Romsdalshorn, adm.-bygget Ålesund
Saksnr.: BU01/19 – BU05/19
Arkivsak: 2019/552

Møteleiar: Ingrid Løset

Møtande medlemmer:

Ann Helene Skare
Atle Tangen
Hilde Marie Kleiven
Anne Grete Mongstad
Asbjørn Ringdal Gausdal
Jakob Strand
Daniel Ask (vara for Sandvik)
Anton Iversen (vara for Bøe)

Fra administrasjonen møtte:

Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (referent)

Andre:

Torstein Hole
Helge Ristesund

Forfall:

Inger Nossen Sandvik
Torill Bøe

Sak BU01/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner innkalling og saksliste

Sak BU02/19 Orientering og drøfting av «Budsjett 2019 og operasjonalisering av utviklingsplan».

Brukarutvalet fekk presentert munnleg og på skjerm saksgrunnlaget for styresakene som leggst fram for styret 24.01.2019.

Fagdirektør Torstein Hole la fram saka som gjeld «oppfølging budsjett 2019 og operasjonalisering av utviklingsplan».

Vedtak:

1. Brukarutvalet tek den munnlege orienteringa om arbeidet med styresak «budsjett 2019» til vitande. Brukarutvalet har fått informasjon om den krevjande situasjonen i Helse Møre og Romsdal. Det er og gitt informasjon om tiltak som er skissert for å starte ein omstillingsprosess for å få økonomisk berekraft i Helse Møre og Romsdal.
2. Brukarutvalet viser til sine protokolltilføyningar i styremøta 04.12.2018 og 15.01.2019.
3. Brukarutvalet forutset at det i det vidare arbeidet blir synleggjort moglege konsekvensar for pasientbehandling/pasientsikkerheit.

Sak BU03/19 Orientering om status SNR

Assisterande direktør Helge Ristesund la fram status SNR.

1. Brukarutvalet tek den munnlege orienteringa om status SNR til vitande.
2. Brukarutvalet har fått bekrefta at funksjonar, innhald, sengetal og kapasitet ligg fast samt funksjonsfordelinga mellom Hjelset og DMS Kristiansund. Dersom det kjem fram i saksframlegget som vert publisert 17.01.2019 at dette ikkje er teken i vare, skal brukarutvalet sitt AU i samråd med resten av medlemmane i brukarutvalet utarbeide ein uttale til styremøtet 24.01.2019.

Sak BU04/19 Orienteringssaker

- a) Innleiingsvis i møtet, vart det orientert frå telefon-styremøtet 15.01.2019 vedrørande omformulering av vedtak fra 04.12.2018, sak 2018/53 ved Ingrid Løset og Ann Helene Skare.

- b) Brev fra organisasjoner og enkeltpersonar med innspill på til dømes styresaker – drøfting om korleis vi handterer desse.

Vedtak: Sekretariatet vidaresender breva til brukarutvalets medlemmar når dei er adresserte til brukarutvalet. Brev retta til enkeltpersonar i utvalet må vurderast særskild om dei kan formidlast til resten av utvalet. Eventuell uttale frå utvalet til styret, skal vere på eit generelt grunnlag. Brukarutvalet ser det som viktig at ein ikkje skal setje pasientgrupper opp mot kvarandre.

- c) 17. januar – Møte i forhandlingsutvalet om reforhandling av samhandlingsavtalen mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal.
- d) 1. februar – dialogmøte mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane i Møre og Romsdal som eit ledd i involveringsprosessen knytt til styresak «Budsjett 2019».

Brukarane må i desse fellesmøta seie noko om forventningane til kommunane. Når skal vi snakke om spleiselag mellom kommunane og spesialisthelsetenesta? Kva med pasienten mellom desse to forvaltningsnivåa?

Sak BU05/19 Godkjenning og signering av møteprotokoll 16.01.2019

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner protokollen for 16.01.2019

Ålesund, 16.01.2019

Neste møte er 18. februar 2019

Ingrid Løset
leiar

Asbjørn R. Gausdal
Torill Bøe

Jakob Strand

Ann Helene Skare

Hilde Marie Kleiven

Inger Nossen Sandvik

Atle Tangen

Anne Grete Mongstad

Daniel Ask

Anton Iversen